


«Når man gir seg ut for horekunde, får man finne seg i karakteristikken»

Kampar mot prostitusjon 1981-1991

av Magnhild Nilsen



**Individuell oppgåve,
Humanistisk prosjektsemester
vår 2007**

Denne våren har dei to siste regjeringspartia, Sosialistisk Venstreparti og Arbeidarpartiet, vedteke at dei ynskjer kriminalisering av sexkjøp. Frå før av har Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti og Raudt gjort liknande vedtak. Det ser dermed ut som dei som har kjempa i tiår bak parolen «Kriminaliser horekundene» har vunne fram. Bak kravet står ikkje bare radikale kvinneorganisasjonar som Ottar og Kvinnefronten eller kristenmoralistiske parti og kyrkjelydar. For å forstå den tverrpolitiske semja, må me tilbake til 1980-talet, til det gløynde tiåret, då blant anna Fellesaksjonen mot pornografi og prostitusjon sette dagsorden; gjennom eliteaksjonar, masseaksjonar og opplysningsarbeid.

To aksjonar

Det vart gjort mange ulike eliteaksjonar mot porno og prostitusjon på 1980-talet, men det er spesielt to eliteaksjonar som fekk stor merksemd i samtida, og som framleis blir trekt fram i ettertida som viktige. Begge historiene handlar om å «oute» menn som kjøper sex; å gjere det utrygt – å spreie frykt, å krevje at menn som kjøper sex må stå for det dei gjer – eller la være. Og aksjonane blei gjort for å skape debatt. Den første fann stad april 1981; ei aksjonsgruppe spraya «horekunde» på biler då sjåføren prøvde å kjøpe sex. Den andre fann stad mars 1986; ei anna aksjonsgruppe arrangerte eit «kafé-treff» med ein mann som hadde send eit brev, med førespurnad om sex for betaling, til ei ung jente.

Det var ved den første aksjonen omgrepet *horekunde* blei oppfunne. «Dei måtte ha eit kort og enkelt namn å spraye» fortel Liv Finstad i dag. Bak aksjonen sto ei gruppe som kalla seg *Aksjonsgruppa mot porno og prostitusjon*. Klassekampen skreiv etterpå at «Aksjonen gruppa gjennomførte i løpet av 20 minutter torsdag kveld var vellykket. Flere kjørte hjem med 'horekunde' malt på bilen». Vigdis var med på aksjonen og fortel:

«Først blei det gjort spaningsarbeid, for å finne ut kva som var prisene på dei ulike turane. Me kjørte bil rundt i det aktuelle området og



observerte korleis kjøpet føregjekk i praksis. Aksjonen blei gjennomført ved at to og to jenter gjekk saman. Me var tilsamen tre-fire par. Alle hadde med ein fotograf kvar. Målet var ikkje å stoppe handelen, men å gjere ei mediasak, samt å spreie usikkerhet og frykt blant horekundene; dei skulle vite at dei kunne bli avslørt når som helst. Eg gjekk saman med Kari og Ola. Rollene blei fordelt slik; ei skulle snakke med han i bilen og ho andre skulle male med spraymaling og sjablonger. Den som snakka med horekunden skulle forsikre seg om at han var ute etter å kjøpe sex og så gi teikn. Klarsignal var viktig for å ikkje stemple nokon urettmessig. [...] Me gjekk slentrande fram og tilbake [i område Tollbugata, Kirkegata og Dronningensgate], biler kjørte forbi og sakka farten, men det var ikkje før ved Dronningens gate ein bil som stoppa heilt. Kari gjekk bort for å prate med han, mens eg venta litt nervøst bak. Plutselig snudde Kari seg mot eg, reiv plastposen med maling og sjablong ut av hendene mine og skubba meg fram, 'Han vil snakke med deg' sa ho. Eg blei meir nervøs, eg hadde jo ikkje øvd på denne rolla, men spurte han i bilen, 'Kva er det du vil?' 'Sett deg inn i bilen' sa han. 'Ja, kva er det du vil' spurte eg igjen. Og nett då hørde eg lyden av spraying, Kari spraya bak på bilen – utan at eg hadde gitt teikn! Eg blei fortvila for eg hørde lyden godt, men han inni bilen hørde ingenting. Eg prøvde å hale ut samtalen, han hadde jo ikkje sagt klart kva han ville – men i etterkant var det jo klart kva han ville. Dersom han trengte vegforklaring kunne han jo spurt Kari. Først sat Kari sjablongen speilvendt, så opp-ned. Tilslutt mista ho tolsemda og smalt den på bagasjerommet på bilen. Fotografen kom fram og fotograferte – og han i bilen forsto at noko føregjekk og kom ut. Kari la på sprang. Eg gjekk unna og lata som om eg ikkje ana kva som føregjekk. Mannen i bilen skreik til fotografen, og ein gammal mann som venta på bussen lo og slo seg på knea og sa: 'dette var morosamt'. Kari hadde sprunge rundt i kvartalet eit kvarterstid etterpå. Etterpå gjekk me alle på kafé og oppsummerte. Mannen i bilen me hadde spraya på, hadde tørka vekk malinga. Men fleire andre hadde gjort dette umerka, og fleire oppdaga nok seinare at det sto 'horekunde' på bilane deira. Dette kom heilt uventa på miljøet – difor fekk me ingen reaksjonar der og då. Klassekampen publiserte nokre av bilda, men det gjekk ikkje an å identifisere nokon. Fleire andre media plukka det opp; det blei ein veldig mediasak. Etterpå fekk me mange truslar frå anonyme kjelder, men som var halliker. Dei høyrtes alvorlige ut, som 'neste gang de viser dykk i strøket blir det knivar og syre'. Det kom óg reaksjonar frå nokre prostituerte – dei opptredde som anonyme intervjuobjekt i nokre aviser. Dei sa ting som 'Dei tar brødet ut av munnen på oss – dei øydelegg marknaden; dette er ikkje solidarisk'».



Klassekampen skreiv at «Same kveld pågikk et møte om prostitusjon som Kristelig Folkeparti arrangerte. Da det ble orientert om aksjonen, høsta den trampeklapp. Og det fra mange eldre

gråhåra damer med topp i nakken». Men aksjonen blei også kritisert i ettertid; det blei hevda at uskyldige blei ramma, nokre av bileigarane hevda at dei kun hadde parkert i område og at dei var uskyldige. I den påfølgande debatten i Klassekampen blei aksjonen kritisert som hærverk og som eit resultat av (homofile) kvinners hat mot menn.

Målet med kafe-aksjonane var å avsløre at kontakt-annonsar var ein måte å rekruttere til prostitusjon. Arbeidsoppgåvene vart fordelte; nokon skreiv brev, nokon ringte, ei spelte prostituert. Den som vart mest omtalt, vart det fordi den enda i retten då horekunden saksøkte avisa Klassekampen.

NTB omtalte aksjonen slik: «16-åringen 'Siv' mottok et brev signert 'Tom Leeman' som inviterte til posering og samleie med en gruppe menn i alderen 35-45 år. Piken informerte Kvinnefronten om brevet, og et av medlemmene sendte et svarbrev, signert 18-årige 'Marianne'. 'Tom's adresse viste seg å være saksøkers postboks. Et møte mellom 'Marianne' og 'Tom' ble avfotografert av Kvinnefronten, og historien ble trykket i Klassekampen».

Samt at: «Mannens versjon er at han ga seg ut for å være horekunde for å få tilbake et kontaktsøkende brev som en kamerat hadde sent i hans navn. Da det kom svar på brevet fra 18-årige 'Marianne', bestemte han seg for å møte jenta på en kafé i Oslo».



Klassekampen gjengav starten på brevet frå mennene: «Dette brevet gjør deg sikkert litt overrasket, men vi håper at du tar det for hva det er, et komplimang til deg for din unge skjønnhet, fra oss. Vi er tre-fire voksne menn, alle gifte i alderen 35-45 år. Som alle andre liker vi unge pene piker, både å se og ta på dem».

Marit fortel historia slik: «Ei jente som jobba på et gatekjøkken fortalte til mora si at ho fekk ubehagelige henvendingar frå nokre menn, med tilbod om seksuelle tenester. Mora blei rasande og tok kontakt med Kvinnefronten. Dei tok igjen kontakt med nokre av oss jentene, som dei visste var aksjonsvillige. Me undersøkte og fann namn og adresse til nokre av mennene. Me forfatta eit falskt brev om at ei var interessert i å møte dei, og spurte om eit møte. Det var tre menn og me håpte at alle skulle møte opp, men det var ein som møtte opp. Eg var ho som møtte han, på den

kafeen på 80-talet. Han begynte å diskuterte prisar og kva eg var interessert i å være med på og ikkje. Me hadde eit teikn, og då eg var overbevist om kva det handla om, så gjorde eg det teiknet, og då hadde me ein som tok bilete av oss. Etterpå gjekk me ut til avisar med det og Klassekampen og fleire andre avisar trykte bilde. Både han og eg var sladda, men han påsto at han blei gjenkjent, og gjekk til sak mot Klassekampen på det; at han blei gjenkjent som horekunde.»

«Vi brukte metoden med direkte konfrontasjon og avsløring fordi vi ønska å rette søkelyset mot det konkrete overgrepet Siv var blitt utsatt for og for å bidra til å stoppe lignende overgrep mot jenter. Vi vet at slike aksjoner hjelper» sa leiaren for aksjonen til Klassekampen.

Denne andre aksjonen gjorde det legitimt å omtale menn som kjøper sex for *horekunde*. «Når man gir seg ut for horekunde, får man finne seg i karakteristikken» sa Anne Robberstad, Klassekampen sin advokat, då avisa vart saksøkt for å publisere historia.

Forsking

Som den generelle kvinneforskninga var viktig for kvinnekampen generelt, var prostitusjonsforskninga viktig for kampen mot prostitusjon. 80-åra var viktig for produksjonen av kunnskap om prostitusjon, og dei to viktigaste bøkene innan prostitusjonsforskning er frå dette tiåret; nemleg Finstad og Høigård si *Bakgater* og Prieur og Taksdal si *Å sette pris på kvinner*. Aktivistane lærte mykje på eiga hand, men i forskinga kunne ein finne ammunisjon gjennom argumentasjon og samanhengar. Liv Finstad var både aktiv forskar og samfunnsdebattant. Ho seier at «bøkene førte med seg ei ny type offentleg merksemd rundt dette med prostitusjon». I perioden 1979-1981 føregjekk «Oslo-prosjektet», eit forsøk på ungdomsprostituerte i Oslo. I 1982 oppsummerte Finstad, Lita Fougner og Vivi-Lill Holter prosjektet i boka *Prostitusjon i Oslo*. Finstad var samen med Cecilie Høigård medforfattar i boka til Ida Halvorsen; *Hard asfalt* (1982). I 1986 kom boka *Bakgater: om prostitusjon, pengar og kjærlighet* som Finstad skreiv saman med Høigård.

Fellesaksjonen mot pornografi og prostitusjon

I 1977 starta *Kvinnenes fellesaksjon mot pornografi*, då 30 ulike kvinneorganisasjonar møttes på initiativ frå Senterkvinnene. I mai 1981 skifta organisasjonen namn og søkelys til *Fellesaksjonen mot pornografi og prostitusjon*. *Oslo-prosjektet* var forsking som gjorde at det

kom eit søkelys på sambandet mellom pornografi og prostitusjon. Aksjonistane studerte pornografiske blad og såg at blada dreiv reklame og propaganda for prostitusjonsverksemd; så tok dei affære. Frå dette av gjekk det ikkje an å sei porno utan å sei prostitusjon – dei to orda høyrte samen, og kamp mot det eine betydde kamp mot det andre.

Kvinnefronten vart den drivande krafta i Fellesaksjonen, men minst 40 andre organisasjonar var over lengre eller kortare periodar knytte til. Medlemsorganisasjonene strakk seg frå ulike politiske parti og ungdomsorganisasjonar til kristne organisasjonar til fagforeiningar og husmorsforbund. «Det fins knapt noko anna eksempel på ei så tverrgåande allianse i nyare norsk historie» seier Liv Finstad. På sitt største hadde Fellesaksjonen fleire hundre tusen medlemmar, og hadde stor påverknad på måten porno og prostitusjon blei prata om og den skapte eit stort engasjement; for «Når dei såg kva porno innebar, blei dei forbanna. Eg hugsar under pornobålet på Egertorget kom ei beskjeden dame bort til meg. Først hadde ho sett skeptisk ut, men så gav hun 50 kroner og sa: 'kjøp dynamitt og blås opp heile dritten'», fortel Unni Rustad, ei av dei mest sentrale kvinnene i rørsla mot porno og prostitusjon.

Plattforma ramma breitt, samtidig som den var radikal; og det var eit stort sprik mellom organisasjonane når det gjaldt kvifor dei var mot porno og prostitusjon. Gjennom felles studiar og bevisstgjerung om kva innhaldet i porno er og kva det uttrykte om kvinner fekk ein etter kvart ei felles



analyse. Kvinnefronten vart teoretisk dominerande i denne analysa. Plattforma frå 1984 seier blant anna at «Pornografien gir et forfeilet og forflatet syn på seksualliv og kjærlighet. Grunnholdningen i pornografi er at kvinner er seksualobjekt for menn» og at «Prostitusjon er et samfunnsområde som må bekjempes. Den er et uttrykk for sosiale problemer og kvinneforakt. For de prostituerte handler det om et liv i fornedrelse og elendighet. Å godta prostitusjonen forsterker synet på kvinnen som et mindreverdig kjønnsobjekt som kan kjøpes for penger, og fremmer en bruk- og kast-mendalitet i forholdet mellom mennesker». Vidare gjekk dei inn

«for tiltak for å begrense tiltangen av kunder. Vi ønsker derfor et lovforbud mot kjøp av seksuelle tjenester. Dette vil markere at samfunnet ikke godtar kjøp av mennesker. [...] Rekrutteringen til prostitusjonsmiljøene må stanses».

Masseaksjonar

«Det er ei avgrensa verknad av aksjonar. Fellesaksjonen gjekk meir ut i breidda; den satsa på masseopplysning. Men det er gøy å drive med aksjoner, sjølv om det krev kjempemykje arbeid i forhold til kva ein får ut av det. Det er eliteaksjonar og krev eit stort grunnplan. Det mest effektive er ein kombinasjon av begge deler» seier Vigdis. Meir eller mindre lause organiserte aktivistnett, fantes mest i dei store byane, som stod for eliteaksjonar, levde godt saman med masseaksjonane og informasjonsarbeidet Fellesaksjonen dreiv med. Kvinnene på grasrota var hovudpersonane i Fellesaksjonen, og alle aksjonane i regi av Fellesaksjonens skulle vera mogleg for *alle* å gjennomføre – uansett om ein oppfatta seg sjølv som «ikkje-aktive», om ein sat i rullestol, eller budde på ein plass med bare to andre kvinner. Først og fremst retta desse aksjonane seg mot porno – det var noko alle kunne ta tak i.

Medlemmer av Fellesaksjonen arbeidde internt i sine parti for å få endra pornoparagrafen i Straffelova, og resultatet blei det private «Bøsterudforslaget» vart vedteke og sete i kraft i 1985. Den definerte pornografi som «kjønnslege skildringar som er enget til å virke menneskelig nedverdiggande». Fellesaksjonen meinte at denne lova ramma «direkte og etter sin lovlyd» Narvesen-pornoen, men sigeren viste seg å vera kortvarig då denne framleis var i sal etter eit halvt år. Etter dette starta Fellesaksjonen ei korrespondanse med Narvesen som varte fleire år. Parallelt med dette gjennomførte dei *Narvesenkort-aksjonen*, *anmeld-Narvesen-porno-aksjonen* og ein underskriftsaksjon for å gå samferdselsministeren til å bruke eigarmakt gjennom NSB si aksjepost i Narvesen.

Fellesaksjonen trykka opp 25 000 kort til Narvesenkort-aksjonen – og fleire vart trykka opp lokalt. Aksjonen innebar å sende eit postkort til Narvesen med kravet: «Respekter kvinners menneskeverd, stopp salg og distribusjon av porno». Fellesaksjonen skriv i 1985 at «folk sto i kø for å skrive under på at de oppfattet Narvesenpornoen som en krenkelse av kvinners menneskeverd og at de krevde stopp i salget og distribusjonen».

Den første anmeldingsaksjon mot Narvesen starta kort tid etter. Medlemmene fekk ei rettleiing for korleis ein kunne levere ei anmelding. Og Fellesaksjonen oppmoda alle til å anmelde. Kva skala ein gjorde det i spelte inga rolle; ein kunne anmelde eit bilde eller fleire bilde. Ein kunne invitere pressa når ein leverte anmeldinga personleg. Det viktigaste var å anmelde – og målet var å oppnå ei fellande dom over Narvesenpornoen.

Då butikk etter butikk fjerna «volds- propagandaen og kvinneforakten fra hyllene, uavhengig av lovgivningen, men etter nitidig innsats frå pornomotstandere i nærmiljøene» svara Fellesaksjonen med å trykke opp klistremerke som vart klistra opp i butikkane saman med roser og rosande ord. Klistremerka sa «Ros for pornofritt nærmiljø».



Ikkje minst stilte Fellesaksjonen opp i offentlege ordskiye. NRK laga ein dokumentar om Unni Rustad då ho reiste land og strand rundt, som vart vist første gang i 1983. Då den vart vist igjen i 1985, med ein påfølgande debatt med representantar frå blant anna Narvesen, fekk Fellesaksjonen ei stor auke i talet på henvendingar. Sjølv skriv dei i årsrapporten at «nå reagerte folk med raseri over at myndighetene ennå ikke hadde gjort noe for å stoppe pornoen, og over at Narvesen ikke hadde vært seg sitt ansvar bevisst [...] Folk forstår nå hva slags menneskesyn pornoen representerer, at porno ikke bare dreier seg om barn, dyr og vold, men at pornokampen i første rekke er en kamp for kvinners menneskeverd». Ei av reaksjonane var følgjande lesarinnlegg:

«Kjære Unni Rustad! Etter debattprogrammet i går, 8. jan, gikk jeg rystet og skamfull til sengs. Skamfull over å være mann. Rystet over den virkelighet som du og programlederen viste oss. Dere gjorde begge en storartet innsats. Rystet kunne man også være over Narvesens representanter. De forlangte attpåtil takknemmelighet og ros for det. Hvordan kunne de våge? Måtte du få krefter til å holde ut. Du kjemper en kamp for menneskesak».

«Sex og myter» – ei vidareføring eller brot?

Utstillinga «Sex og myter» vart først vist i Kvinnefronten i Stavanger i mai 1989, etter inspirasjon frå ei liknande svensk utstilling eit halvår tidligare. Den inkluderte guiding av skuleelevar, vising av Kvinnefronten si lysbildeserie, fotoutstilling, erotisk kunstutstilling,

multimediashow og debattmøte. Målet med utstillinga var å presentere innhaldet i «kiosk- og daglegvareporno» og den vart ein publikumssuksess.

Unni Rustad fortel at då utstillinga kom, fekk dåverande leiar i Kvinnefronten, Nina Kristiansen, telefonar frå kvinner som hadde lagt prostitusjonsverksemda bak seg. Både Fellesaksjonen og Kvinnefronten i Oslo gjorde vedtak om at utstillinga måtte sladdast. Dermed starta sladdedebatten; skulle modellane si identitet skjulast på utstillinga og generelt i bruken av porno mot porno? Og denne debatten blir trekt fram som ein av dei viktigaste faktorane for at det neste landsmøte i Kvinnefronten enda i brot. Unni fortel:

«Me hadde reist rundt og vist desse bilda for all verden; me hadde vore på tv [...] – me hadde brukt disse kvinnene for å vise fram for heile folket. Nina fekk henvendingane frå desse kvinnene som hadde vore med i pornoblad. Då Nina kom og sa, og ho sa berre ei setning, og det slo ned som eit lyn i meg kva eg hadde gjort, for desse kvinnene hadde sagt ja til å bli tatt bilde av ein eller anna gang i livet sitt, eg visste ingenting om disse damene, anna enn det pornomafiaen sa til meg, og eg klinte dei opp på veggen i kjempeformat og lot alle sjå dei».

Liv skyter inn «og det hadde me gjort heilt ubevisst, sidan første gang me laga pornoutstillingen her på Kriminologisk institutt i 1977. [...] Det er i ettertid lett å sjå korleis også me objektiviserte disse kvinnene».

Unni fortset: «Dette er grunnen til at det blei splitting, for meg er det mykje meir radikalt og kvinnepolitisk og kvinnesolidarisk rett å tenke at desse kvinnene faktisk er menneske sånn som meg, og eg ville aldri gjort det med Liv. Kvifor skal eg gjøre det med dei? Det hadde eg ingen rett til! Nokon av desse kvinnene som henvente seg til Nina hadde jo lagt det bak seg! [...] Det tok meg ikkje tre sekunder ein gang, å sjå at dette kan me ikkje gjere. Og viss det er sånn, at det er i auga sanninga om porno ligg, så er det sånn at da må me finne andre måtar å gjere det på. Og det var det me gjorde, me begynte å sladde auga, og etter mi meining tar ikkje dette bort noko av budskapet»

Liv avsluttar: «Kvinnefronten la vekt på at kvinnene må ikkje vera skadelidande i disse aksjonane, kvinnene skulle vera i fokus. Men [dei som seinare vart] Ottar ønska å gå meir drastisk til verks. Det blei mykje baluba».

Asta Håland og Ane Stø skriv derimot i *Kampen fortsetter* at «i 1989 ble den nye ledelsen i Kvinnefronten positive til både Cupido og 'feministisk pornofilm'. Kvinnefrontens ledelse tok også avstand fra den store alliansen med de tradisjonelle folkelige organisasjonene. Puritanismen og

kristenfolket ble igjen definert som hovedfienden. Å aksjonere mot porno og prostitusjon ble sett som et overgrep mot kvinnene i kjønnshandelen, og som uttrykk for puritanisme. På samme tid ble hovedformen for arbeidet i over 10 år – porno mot porno – forkastet av samme ledelsen. Grunnlaget for dette var igjen at metoden ble ansett som et overgrep mot de kvinnelige pornomodellene, først ble de bretta ut i pornobladene, og så skulle liksom vi vise dem fram på nytt! [...] Vi som sto på den gamle linja var ikke villige til å gi opp en så effektiv metode. Vi mente det var viktig å få fram øynene, som viser at de ofte er rusa og redde, sjelden glade, og at de er ekte personer. Sladdedebatten handlet om grunnlaget for vårt politiske arbeid, veldedighet eller solidaritet».

I Fellesaksjonen si årsrapport frå 1984 skriv dei: «Enkelte aksjonsformer har vakt diskusjon, men vi har ikke merket noe negativt resultat av de meir militante aksjonene. De har tjent pornokampen, og resultatet er nå at det er pornoindustrien som har lidd store tap». Liv Finstad seier at «dei [som var ueinige] uttrykte ikkje noko som sådde tvil om pornokampens misjon eksternt, men det var jo diskusjon internt om type strategi og aksjoner». Men etter kvart blei altså motseiingane så store at eininga sprakk.

Eliteaksjonistane hadde ulike tiltak for å forsikre seg om at dei ikkje skulle stemple uskyldige. Men om han som blei stempla ikkje var uskyldig, hadde han som regel ein familie som var uskyldig. Enkelte av aksjonistane hevda den gongen at kvinner er rettslause fram til horekunden er kriminalisert og at dersom menn ikkje ville bli uthengt burde dei halde seg heime, og at det var mennene som var ansvarlege for at det gjekk ut over familiene sine. Difor var eliteaksjonane grunnlag for diskusjon frå starten av.

Fellesaksjonen viste i lysbildeshowa sine usladda porno gjennom heile 80-talet; på tur rundt i heile landet, for skuleklassar, på tv. Det var eit brot med dei andre aksjonane som retta søkelyset på kunden eller dei som sto bak enten spreinga av pornografi eller tilrettelegginga av prostitusjon. Kva standpunkt og analysar folk har tatt rundt spørsmålet om bruk av porno mot porno, kjem at på kva etisk posisjon ein legg til grunn, og om målet heilager middelet, eller om middelet må tilpassast vegen til målet.

«Dette var den type aksjoner som tiltrakk oss då. Om eg ville gjort det i dag er ei anna sak» seier Marit i dag.

Nei til sal av kvinner!

I dag er pornoen grovare enn den var for 20 år sidan. Likevel er den meir utbredt og akseptert i samfunnet, sjølv hos uttalte feministar. Når Grethe Nestor i *Feministhåndboka* ramsar opp ulike hint om at du er feminist, tar ho med både «du er mot porno» og «du er for porno» – rett nok i den rekkefølga.

Prostitusjonen har også blitt grovare, eller «me» aksepterer *ein del* av den som grovare, med djupare naud, større fattigdom og sårbarhet; dei som har vorte *trafikkerte* til landet. Men framleis lev myta om den lykkelege hora og det synest vanskelig å skilje mellom dei to; kven som er eit verdig offer og kven som ikkje er det.

Fellesaksjonen slutta å eksistere ein gong på 1990-talet, men over ti års samla kamp mot porno og prostitusjon har påverka samfunnet, og spesielt dei som deltok i kampen. Fram til landsmøta denne våren kunne ein lese lesarinnlegg i aviser, skrivne av folk frå til dømes Kristeleg Folkeparti, men med argumentasjonen til radikalfeministar. Unni Rustad fortel at «Karene på vår alder gjennomgjekk ei ganske turbulent holdningskampanje – ei skuleringskampanje, som råka dei på veldig forskjellige vis» og Liv Finstad avslutter «som dei ikkje kunne la vera å forholde seg til, for det var ei veldig brei rørsle, som fekk veldig mange uttrykk og diskusjonar». Dette heng igjen; i ei undersøking Reform og Amnesty gjorde nyleg viste til dømes at «mens 50 prosent av den eldste aldersgruppen (45-60 år) definerer vold mot kvinner som et samfunnsproblem, gjør bare 23 prosent av den yngste aldersgruppen (18-29 år) det».

Dei avgjerande politiske vedtaka denne våren som mest sannsynleg kjem til å ende i kriminalisering av kjøpe av sex, skjedde

ikkje den gongen ein stod saman i kampen i ei etablert front, ei front som blei stor fordi mange ulike faktorar drog i same retning. Bevissthet er ikkje nok til å endre samfunnet, tvert i mot påverkar samfunnet bevisstheita. Sidan 1991 har pendelen svinga bort – og har no kome tilbake. Nye ytre faktorar, som kriminaliseringslova i Sverige og den auka mengda utanlandske prostituerte, har igjen dradd i same retning og gjorde det mulig å fortsette kampen, sjølv om den ikkje har føregått i ei tverrpolitisk rørsle som på 80-talet.



Vedlegg: plattformen til Fellesaksjonen

Plattformen blei revidert fleire gonger, den eldste eg har funne er frå 1984. Mine uthevingar.

Fellesaksjonen mot Pornografi & Prostitusjon er tverrpolitisk. Vi har som mål å samle flest mulig organisasjonar i kampen mot de holdningar som pornografi og prostitusjon bygger på og skaper. Vi vil avsløre og bekjempe pornoindustrien og hallikvirksomheten. Pornografien har økt i omfang, har blitt mer og mer preget av vold, og når ut til et stadig større publikum gjennom bøker, blader, filmer og videokassetter. Av videoproduksjon, som er i rask vekst, er det en stor del vold og/eller porno

Pornografien gir et forfeilet og forflatet syn på seksuelliv og kjærlighet. Grunnholdningen i pornografi er at kvinner er seksualobjekt for menn. Pornografien har kun økonomiske profitt som motiv. Flere nye undersøkelser viser klart at voldsporno fører til økt vold mot kvinner, og at barneporno inspirerer til overgrep mot barn. FA vil arbeide for et naturlig forhold til spørsmål angående seksuellivet.

FA vil verne trykkefriheten, men denne friheten må bli brukt under sosialt ansvar. Fellesaksjonen kan ikke godta at trykkefriheten brukes til å fornede kvinner.

Vi vil arbeide mot krenkelser av menneskeverdet. Dette gjelder også aksjonens syn på prostitusjon. Prostitusjon er et samfunnsproblem som må bekjempes. Den er et uttrykk for sosiale problemer og kvinneforakt. For de prostituerte handler det om et liv i fornedrelse og elendighet. Å godta prostitusjonen forsterker synet på kvinnen som et mindreverdige kjønnsobjekt som kan kjøpes for penger, og fremmer en bruk- og kast-mendalitet i forholdet mellom mennesker. Erfaringer fra bl.a. Malmø viser at prostitusjonen kan bekjempes. Der satte sosialomsorgen og politiet i gang en aksjon rettet mot prostitusjonsmiljøet. De prostituerte ble gitt all mulig praktisk støtte for å kunne bryte med miljøet, samtidig som politiet ble satt inn mot halliker og kunder. Fellesaksjonen går inn for tiltak for å begrense tilgangen av kunder. Vi ønsker derfor et lovforbud mot kjøp av seksuelle tjenester. Dette vil markere at samfunnet ikke godtar kjøp av mennesker. Fellesaksjonen krever at myndighetene går inn for å kartlegge prostitusjonsproblemet grundigere. Større kunnskap er nødvendig for å kunne bekjempe prostitusjonen effektivt. Myndighetene må ta initiativ til en prostitusjonsutredning. Rekrutteringen til prostitusjonsmiljøene må stanses. Dette krever innsats for meningsfylte nærmiljø for barn og ungdom. Fellesaksjonen går inn for tiltak som kan bedre ungdoms og kvinners muligheter til lønnet arbeid.

På bakgrunn av dette vil vi arbeide for følgende krav:

1. Nei til salg av kvinnekroppen
2. Vi krever forbud mot kvinnediskriminerende ytringer på lik linje med forbud mot rasediskriminering
3. Vi krever en effektiv håndheving av forbud mot kjønnsdiskriminerende reklame i markedsloven
4. Ja til seksualopplysning, nei til porno
5. Stans salget av pornografiske blader også gjennom Narvesen og dagligvarehandelen
6. Steng håndheving avforbudet mot porno
7. Nei til pornoens utnytting av lesbiske og andre minoriteter
8. Stopp videovolden
9. Konesjonsordning for import og omsetning av videokassetter
10. Støttetiltak for prostituerte i likhet med Malmø-prosjektet
11. Håndhev forbudet mot hallik- og koblervirksomhet
12. Kjøp av seksuelle tjenester må forbys ved lov
13. Nei til sex-reiser
14. En statlig prostitusjonsutredning
15. Stans rekrutteringen til prostitusjonsmiljøene

Kjelder

Intervju med Vigdis, Marit og Liv Finstad og Unni Rustad. April 2007

Fellesaksjonens mappe i Kvinnefrontens arkiv i Arbeiderbevegelsens Arkiv

Atekst, 1984-2007

Klassekampen, 1981-1986

Reform og Amnesty: *Hvem bryr seg?* Rapport om menns holdninger til vold mot kvinner. 2007

Håland, Asta B. og Ane Stø: *Kampen fortsetter*. Klassekampen 14.05.2005

Karlsen, Torill Enger: *Antipornokampen i Noreg gjennom 15 år. Semesteroppgave i Kjønn og Samfunn*. 1990

Nestor, Grethe: *Feministhåndboka*. 2005

Bileta kjem frå Klassekampen,
klistremerka frå Fellesaksjonen ved Unni Rustad